



Det har vorte ei stor isflate ved AFA. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ein lesar meiner at det kan vera ein lekkasje på vassleidningen like ved garasjen som ligg inntil fylkesvegen ved AFA. Der har vatnet pipla opp lenge og no har det frose til ei stor isflate.**

**Vassverkleiar Hans Reidar Kjærland seier at dei har hatt dette vatnet under oppsikt lenge, men han trur ikkje det er nokon lekkasje.**

Allereie for 1 måned sidan var kommunens ekspertar på plass med avansert utstyr og dei konkluderte med at det truleg ikkje var lekkasje.

Det mest sannsynlege var at det er dreneringsvatn fordi det aukar og minkar i takt med nedbørmengda. Hvis det hadde vore lekkasje frå nettet ville vassmengda vore heller konstant.

- Men vi følgjer med på staden og er takksame for at folk flest også gjer det. Dei bør ikkje minst vera merksame på kva som skjer på eigen eigedom, seier Kjærland.

Han ser ikkje bort frå at vatnet ved AFA vil bli sjekka gjennom oppgraving.

Av Ola Matti Mathisen